

AREAL: 9 km²
FOLKETAL: 596

FEDJE


FEDJE sokn hørde i eldre tid til Lindås prestegjeld og skipreide, etter 1837 Lindås kommune. I 1910 vart så Fedje ein del av Austrheim kommune, for så å få sitt kommunale sjølvstende i 1947.

Dette var den siste kommunedelinga i Hordaland fylke før Schei-komiteen sine framlegg om kommunesamanslåingar vart gjennomførte i 1963–65. Elles høyrer Fedje kommune framleis til Lindås prestegjeld.

Fedje kyrkje vart vigsla i 1941; den tredje kyrkja på denne plassen. Ved kyrkja er det reist ein bauta over falne frå Fedje under siste krig. Fedje trafikksentral gjev deg eit storslege utsyn over Fedje og nordre deler av Nordhordland. Kystkulturutstillinga i sjøhuset på Kræmmerholmen viser ei samling av reiskap og utstyr frå fisket og kystsamfunnet på Fedje. Plassert på haugen rett sør for den nye kyrkjegarden står minnesmerket for bortkomne på sjøen og for den gamle kolerakyrkjegarden frå midten av 1800-talet. Over 200 fugleartar er observert på Fedje, som har den største bestanden av grågås i fylket. Gode turstigar går gjennom landskap prega av torvtaking, med fint høve til å kombinera ferskvassfiske og havfiske. ☐





Den faste busetnaden på Fedje skriv seg attende til 1600-talet.



Originalteikning frå 1852 av Hellisøy fyr.

HOLMENGRÅ FYR



**PÅ BLÅ GRUNN
TO SKRÅTT
FRAMVEKSANDE
SØLV ÅRAR**

Våpenet er godkjent ved kronprinsreg. res. 13.7.1990 og er teikna av Even Jarl Skoglund. På Fedje – ei øy ute i havgapet – har båten og årane vore ein naudsynt reiskap for å halda kontakten med omverda. Fisket har vore den viktigaste næringsvegen for Fedje fram til våre dagar, og årane kan stå som symbol for fiskarens strev i kvardagen for å brodfø seg og sine. Båten og årane er noko som alle innbyggjarane på Fedje har eit nært forhold til.

⚔ FEDJE

Fedje heng saman med gotisk faða «gjerde» og er av Magnus Olsen tolka som «gjerdeøya». Dagens forskarar trur heller namnet skal forklarast som «fiskestengsle». Botanikarane peikar på at Fedje har vore beiteland gjennom lang tid før den faste busetnaden kom; dei vil sjå Fedje som «feøya», rydda for skog gjennom sviing. Vinappen er helst å forstå som «den vide knappen (knausen)».

MENNESKESKAPT MYR

Det opne lyngheilandskapet på dei ytre øyane Fedje og Lyngoksen er prega av vidstrakte myrar som dekkjer landskapet som eit teppe. Terrengdekkjande myr kallar fagfolka dette. Jamvel høgdedraga kan vera kledde av eit meir enn to meter tjukt lag med torv av uvanleg høg kvalitet. «Steintorva» på Fedje og Lyngoksen var høgt verdsett som brenntorv, før kol og elektrisitet overtok som energikjelde. Kring hundreårsskiftet var det industriell torvtaking på Fedje i stort omfang, for å dekkja behovet for brenntorv i Bergen.

Det særleine myrlandskapet på Fedje og Lyngoksen er skapt gjennom ryddingsarbeidet til steinalderbøndene, då dei fjerna skogen på desse to øyane for å betra vinterbeitet til husdyra. Så lenge dette landskapet var skogkledd, hadde det høg fordamping av vatn gjennom alle blada på trea. Då skogen vart borte, vart fordampingseffekten drastisk redusert. Ein større del av nedbøren vart verande i jorda, og dette sette igang ein langsam myrdanningsprosess. Smått om senn auka myrarealet, og etterkvart klatra også myrane oppover skråningane og dekte landskapet til.

Den same langsame myrdanningsprosessen går stilt og umerkeleg føre seg overalt i lyngheilandskapet idag, men det er eit faktum at dei fleste område var skogdekte heilt fram til Kristi fødsel. Såleis er berre 2000 år for kort tid til at den menneskeskapte myrtypen kan verta ferdig utvikla.